



Til fjells - med traktortransport! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Alle let vel og var begeistra for dalen og svært fornøgde med turen, seier Kjell Yri. Saman med Mona Enes var han vertskap for styret i Bergen Turlag og lokallagsleiarar frå ymse kantar av Hordaland under ein utflukt høgt og lågt sundag ettermiddag.**

**Vel 40 hadde delteke i den årlege samlinga som BT plar ha - denne gongen i Rosendal Fjordhotell. Etter møtet hadde dei ønskje om å få sjå nærare på Uskedalen og fjellheimen vår. Men fordi berre fire timar sto til disposisjon måtte ein ty til motorisert transport til fjells. Den oppgåva tok Ståle Eik og Lars Haugland på seg - med kvar sin traktor med tilhengar.**

Rundt rekna 30 av møtelyden vart med på turen. Etter transporten opp på Hauglandsfjellet rusla dei inn til Vatnastølen der det var servering av lokale produktar - laks frå Hjønnevåg og spekepølse frå Friheim Gardsmat.

Så brukte dei beina ned att til bilane som var parkerte ved Vonheim.

Eitt siste ønskje frå gjestane vart deretter innfridd: Ein tur inn til Fjellandsbø, som dei hadde høyrte mykje om og som er aktuell som 'base' for friluftsfolk frå Bergensområdet.

Alt i alt vart det tydelegvis ein vellukka marknadsføring av Uskedalen og fjellområda til folk som må kallast nøkkelpersonar.

Av Ola Matti Mathisen



Klare for fjellturen - ved Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)